

Laga knivar, amerikabrev

RADØY: Elias Pletten Olsnes (6) fekk laga kniv på steinaldervis og Harald Dyrkorn knipsa bilde av folk i gamal stil på Utvandringfestivalen på Sletta.



Av Anne-Lise Nordpoll
anne-lise@strilen.no

– I USA er det mange som har dette som hobby. Her i Noreg er det stort sett berre eg som driv med det, seier flintsmed Morten Kutchera. Men på Utvandringfestivalen på Sletta var det mange som viste interesse for lidenskapen hans. Kutchera hadde tatt plass i emigrantlandsbyen og viste fram korleis folk i steinalderen laga reiskapar til jakt og fiske. Små og store samla seg i flokk rundt han.

Fekk laga «kniv»

Elias Pletten Olsnes var snar med å retta opp handa, då Kutchera spurte om det var nokon som ville prøva å laga ein kniv.

Han sette seg spent ned på golvet og lytta når Kutchera forklarte korleis han skulle slå på eit stykke flint. To straksar seinare kunne Elias visa fram to «knivar» til pappa Øystein.

– Den der er ganske skarp, seier han til Strilen, og viser fram ein steinbit som utan tvil er skarp nok til at den kan brukast til å skjera eller kutta noko med.

At far og son var på utvandringfestivalen, var litt tilfeldig.

– Me har vore på besøk hjå mormor, forklarar Elias.

– Ja, me har familie i nærleiken. Då me kjørte forbi Utvandringssenteret, så såg me at det var mange bilar her, og så fekk me lyst til å gå ned å sjå om det skjedde noko her, seier pappa Øystein. Dei angra ikkje på at dei stoppa. For laurdag føremiddag var det mykje som skjedde på Utvandringssenteret. Både fagsemi-



SPENNANDE: Seks år gamle Elias Pletten Olsnes var snar til å melda seg då flintsmed Morten Kutchera spurte om nokon ville prøva å laga knivblad på steinaldervis. Og to straksar seinare hadde Elias banka ut to skarpe bitar av ein flintstein.

nar for vaksne og familiedag med mange aktivitetar.

Bogeskyting og amerikabrev

I og utanfor emigranthusa kunne folk få prøva seg på alt frå bogeskyting til å skriva amerikabrev og laga nøkkelringar med glasperler.

– Eg har skote med pil og boge ein gong før, men det er ikkje enkelt, seier Sandra Odland (13) til Strilen, medan ho spenner opp bogen for eit nytt forsøk.

– Nei, du skal skyta ganske godt berre for å treffa i nærleiken av blinken, legg Silje Namtvedt til.

Ho viste Sandra korleis ho skulle skyta.

I skulestova var det også ei

gruppe born innom. Bak i klasserommet hang mange flotte amerikabrev på ei snor.

– Eg har skriva eitt av dei, men eg hugsar ikkje heilt kva eg skreiv. Eg fekk litt hjelp til å skriva, seier Camilla Grimstad.

Ho er fem, snart seks år og fann seg godt til rette på ein av dei fremste pultane.

Bilde frå gamledagar

I eit anna hus i landsbyen, var det også muleg å få ein smak av gamledagar. Der sat nemleg Harald Dyrkorn klar med kamera, datamaskin og skrivar for å tilby folk bilde i gammal stil.

– Folk som kjem inn her kan få kle seg ut i gamle klede og så

tek me bilde av dei. Me tek bilde slik at det ser ut som om dei er gamle. Det er litt artig. Utvandrarane vart gjerne fotografert når dei skulle reisa, og det å gå til fotografen var ein stor og alvorleg ting. Det var ikkje så vanleg at folk smilte på bilde den gongen, forklarar Dyrkorn, og viser neste familie ut korleis dei skal sitja for at det skal sjå mest muleg tidsriktig ut.

Markering ved bautaaane

Seinare på dagen var det halde ei tradisjonell markering ved dei forskjellige bautaaane utanfor emigrantkyrkja. Bautaparken viser ulike sider ved utvandringa, og her finn ein minnesmerke for

blant anna 2. verdskrig, krigssegalarar, prærieprestane og Marcus Thrane. I år er det 70 år sidan Bataljon 99 vart oppretta. Det vart markert spesielt ved at brigader Ragnar Bratland og kommandørkaptein Hans Christian Kjelsrup la ned krans på minnesmerke for 2. verdskrig og krigsseglarane. Etter seremonien var det tradisjonell festmiddag.

Også fredag og søndag var det aktivitet på utvandringssenteret. Fredag kveld var det konsert med Kerry Christensen og Polkabjørn, og søndag kunne publikum sjå Strileringen dansa og kikka på ei utstilling av amerikanske bilar.



KJEKK DAG: – Eg har gjort ganske mykje i dag, og så skal eg gjera endå meir, seier Camilla Grimstad (5). Her er ho i skulestova for å skriva amerikabrev.



NYTT TILBOD: I år kunne dei som ville kle seg ut og gå til fotografen. – Her hjå meg skal de ikkje smila, for før i tida var det å gå til fotografen ein alvorleg ting, forklarar Harald Dyrkorn og knipsa i veg.



BRODERTE: Me broderer med perler på same måten som indianarane gjorde, når dei dekorerte utstyret sitt, kan desse damene fortelja.